



Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt. Lyset fyller haven, se, en engel kom, åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt. (NS 187)

Nr. 1

64. årgang

Påske 2023



MATTEUS 4:1-11

Sidan førte Anden Jesus ut i øydemarka for at djevelen skulle freista han. Han fasta i førti dagar og førti netter, og til slutt tok svolten han. Då kom freistaren til han og sa: «Er du Guds Son, så sei at desse steinane skal bli til brød!»

Jesus svara: «Det står skrive:

Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn.»

Då tok djevelen han med seg til den heilage byen, sette han ytst på tempelmuren og sa: «Er du Guds Son,

så kast deg utføre! For det står skrive:

Han skal gje englane sine påbod om deg – og dei skal bera deg på hendene så du ikkje støyter foten på nokon stein.»

Men Jesus sa til han: «Det står òg skrive: Du skal ikkje setja Herren din Gud på prøve.»

Så tok djevelen han med seg opp på eit svært høgt fjell og synte han alle rika i verda og deira herlegdom og sa: «Alt dette vil eg gje deg om du fell ned og tilbed meg.» Men Jesus sa til han: «Vekk med deg, Satan! For det står skrivi: Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.» Då gjekk djevelen frå han, og sjå, englar kom og tente han.

Forteljinga i dag høyrer fastetida til, logisk både fordi den handlar om fasting og om at Jesus blir preppa før den påskehøgtida som skulle endre tidsrekninga verda over fram til i dag. Den er altså eit *før* og *etter* akkurat denne påskehøgtida.

Folk i Jesu samtid var nok ikkje klar over dimensjonane rundt det som skjedde med Jesus, men Jesus sjølv var nok klar over at å halde fokus vil være viktig framover.

Faste, slik eg les denne forteljinga, handlar om å finne fokus og å behalde det, særleg gjennom krevande tider. Faste er ei hjelp når ein møter motstand, blir forsøkt leia på villspor eller kjenner motet sviktar. Motgang skjer både på individnivå og kollektivt. Berre tenk på krigar, økosorg, asylpolitikk eller personleg sorg.

Fastetida i kyrkjeåret er kollektiv, for alle å bli med på, som ei felles hjelp til å finne fokus.

Hjå oss får fastetida ulikt uttrykk: Somme gir meir til gode formål, somme ber meir, eller les Bibelen eller Salmeboka meir målretta. Andre sluttar med noko, f eks sosiale medier eller avgrensar mobilbruk. Dette for å hjelpe oss sjølv å halde fokus på å takke og hugse alt me har fått for å dele.

Som eg skreiv her: påskehøgtida der Jesus reid inn i Jerusalem på eselfolen, førte til påske i våre kyrkjer i 2023! Sanneleg godt Jesus visste å bruke fasten til å halde fokus.

GOD PÅSKE!

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang



VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Kløgkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Kløgkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almenning
ragni.almenning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryssset

Kløgkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Kløgkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevje:
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Kløgkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Kløgkarhaugen
Dagleg leiar: Guro Hovda
Tlf: 412 65 178
e-post: gh575@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:
1. mai – 30. september:
tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april:
tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00
fredag kl. 11.00

Neste menighetsblad utkommer uke 25, frist for innsending av tekst og bilder er 24. mai 2023. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Sigrd Nystuen: Tidlig morgon over Suletind

13. mai kl. 13.00

Da håper vi mange kommer til Øye og er med på åpninga av Kulturstøga. Dette er ikke et hus bare for Øye, men for hele Vang og stavkirke-Norge. Det blir høytidelig åpning og taler og en kikk inn på utstillinga før vi går til samfunnshuset og får mer program og god mat. Dette har vært et langvarig arbeid, men så har det jammen blitt bra også.

Avkjøring til Øye kyrkje og Kulturstøga

Foreløpig er det dårlig skilting for hvor man skal kjøre inn til kirken og parkeringsplassen, og den gamle plassen og vegen opp til kirken er stengt. Du finner vegen litt lenger vest enn før, og parkeringsplasser er ovenfor Kulturstøga.

Kirkegårdene

I skrivende stund er det fortsatt mye snø på kirkegårdene, men vi veit at vårsola smelter den utover nå. Og da kommer det fram mye som kanskje ikke ser så fint ut. Ta gjerne en tur på kirkegården og se etter om det ser greit ut på gravene du har ansvar for, og kikk gjerne på andres graver også – ikke alle får gjort det selv. På dugnadene blir det gjort mye godt arbeid, og vi håper mange stiller med river og arbeidslyst. Jeg tenker ofte at det hadde vært fint om ungene også får denne vanen at de kan være med å gjøre kirkegården fin, så ta dem med!

Kirkevergestillingen

er utlyst for 3. gang, og vi er spent på resultatet denne gangen. I august har jeg vært i kirkevergestillingen i 26 år og



kjenner at det begynner å bli nok. Og så er jeg faktisk blitt så voksen at jeg kan slutte å jobbe. Det ser jeg fram til. Og det blir fint for kirken i Vang å få inn nye folk med nye øyne. Kanskje er det avklart til neste menighetsblad kommer ut.

Husk at kirken har den sterkeste fortellingen i påsken. Det er mange muligheter for å høre.

GOD PÅSKE til alle!

Guro Hovda



Påskehelsing

Me i Vang ynskjer at alt skal berre vere velstand for alle som bur her. Den seinare tid har fortald oss at ikkje alt har vore like bra opp gjennom historia, og mykje skulle ein ynskt ikkje hadde skjedd. Eg tenkjer spesielt på behandlinga av familien Salomon under og etter 2. verdenskrig og om mobbing i skulen.

Som ordførar beklagar eg den urett som har gått føre seg. Det som har skjedd, får me ikkje gjort noko med, me kan lære av det, men det er framtida som me kan ta tak i og forme etter beste evne. For meg har alle menneske like stor grunn til å bli respektert. Uansett alder, bakgrunn, legning, livssyn eller religion har alle krav på å bli behandla på skikkeleg vis. Av oss alle. Dette må me arbeide med og for kvar dag, slik at me oppnår eit ope og inkluderande vangssamfunn. Og i det ligg det også at me skal godta og hegne om at menneske er forskjellige, me kan ha ulike meiningar, debattere og vere usamde, men me skal respektere kvarandre.

Dette er nok ikkje så ulikt det han me minnst i påskehøgtida, Jesus, stod for.

Utan samanlikning elles sjølvsagt. Ein som fortel om Jesus og ber hans ord vidare, er den nye biskopen i Hamar bispedømme, Ole Kristian Bonden. Eg var så heldig å få vere til stades under innsetting av Bonden i Hamar domkyrkje. Ei mektig oppleving. Med Kong Harald til stades, geistlege frå mange land, representantar frå ulike livssyn, politikarar og elles ei fullsett kyrkje, vart dette ein fin søndag på Hamar. Songen i kyrkja var flott å lytta til og delta på. Og når eg etterpå under mottaking og servering av snittar vart sitjande ved sidan av prost Weisser, vart dagen fullkomen. Me ynskjer den nye biskopen alt godt i si gjerning.

Påska er for dei fleste prega av fridagar, sol, ski, appelsin og Kvikklunsj. Heldige er me som får oppleve det. Nokre må som vanleg arbeide i høgtida, nokre kjem seg ikkje ut i naturen av helsemessige årsaker og nokon likar seg kanskje rett og slett best heime. Det er lov det og! Men det er viktig at alle skal kunne få oppleve gode stunder i påska uan-

sett kva ein held på med. Kanskje kan det passe med eit lite besøk i påska til nokon som gjerne vil ha det. Eller ein ekstra telefon til ein eller ei som kan ha glede av det. Tida me lever i, viser at me må leve i «nuet», gle oss over dei gledene som er i livet og ikkje la oss bryte ned av all krig, uro, bekymringar og mismot. Lett å si, vanskelegare å gjennomføre. Lege og professor emeritus Ingvard Wilhelmsen seier: «De fleste tankene våre er jo bare tull. Tanker der vi bekymrer oss for ting som aldri kommer til å skje i virkeligheten.» Wilhelmsen trur mange av oss treng å endre haldningar til tankane våre og slutte å bruke så mykje energi på det vi ikkje kan gjera noko med. Først då kan vi bli sjef i eige liv, meiner han.

Det får bli ordføraren si helsing inn i påskeveka. Ynskjer dykk alle ei fin påskehøgtid!

Vidar Eltun

Velkomen – biskop Ole Kristian Bonden!

– Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap som er opne, og der folk kan føle seg frie og oppleve at dei høyrer til.

Det sa biskop Ole Kristian Bonden i takketalen si til dei frammøtte etter at han vart vigsla som biskop i Hamar domkyrkje 29. januar 2023.

Innsettinga av Bonden skjedde i ei høgtideleg gudsteneste med fullsett domkyrkje, der H.M. Kong Harald deltok. Det gjorde også representantar frå Storting, Regjering og rettsvesen, saman med inviterte gjester og folk flest.

Biskopen vår er oppteken av ei raus og open folkekyrkje der alle kan kjenne seg heime. – Vi skal bygge på dei gode tradisjonane vi har, der mange menneske, både tilsette og frivillige, gjer ein innsats for kyrkja si kvar dag, seier han.

Han ønsker også at kyrkja skal bidra til håp i ei verd prega av krig. – Eg trur kyrkja betyr mye for folk, og det er mange utfordringar vi slit med både på det personlege plan, men også i verda i dag. Da treng vi ein stad å ta vare på draumane våre om håp, om at det umoglege kanskje kan skje, at vi saman arbeider for både håp og kjærleik, seier han.

Han trekker fram dei to forgjengarane sine, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske, som førebilete og store inspiratorar. Dei var tydelege på at «inga tru er for lita» og at «Gud gjer ikkje forskjell på folk». Dette er verdiar han sjølv ønsker å vidareføre.

Vigslingsgudstenesta ga eit godt bilete av dette. Her var det barnekor saman med domkoret, tekstlesing med representantar frå ungdomsråd, samisk utval og det nordiske bispekollegiet, og også dans som ein del av seremonien. Ole Kristian Bonden vil ha gudstenester der fleire kan kjenne att livet. – Dans er ein uttrykksform som kan formidle kjensler, stemningar og budskap som ikkje alltid ord kan gjere seier han.

Han tar nå fatt på oppgåva med å leie kyrkja i Hamar bispedømme inn i framtidens utfordringar og moglegheiter.

– Som biskop i Hamar skal eg gå saman med dykk og bere korset som Kristi merke, som kyrkjas teikn i verda, som ei påminning om at ingen går einsleg. Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap der vi kan finne openheit, fridom og tilhørsle. Eg vil gå inn i gjerninga, med den nåde Gud vil gje meg.

Hamar bispedømmekontor

Foto: Hamar bispedømme



Håndspåleggelse. Foto: Alf Simensen



HMK Kong Harald sammen med biskop Bonden. Foto: Alf Simensen

Kristus er her fordi vi er her

Kvinnene fann grava tom. Dei fann ikkje Jesus sin kropp, står det. Kor var han eigentleg, den oppstode? Det funderte dei også på, kvinnene ved grava.

Det skjedde noko. To framande spør: «Korfor leiter dykk etter den levande mellom dei daude?»

Spørsmålet må ha vekt noko i dei. «Da hugsa dei orda hans», står det. Det minna dei om det Jesus hadde sagt før han døydde. Ja, dei ikkje berre hugsa orda hans. Orda sette dei i rørsle. Dei gjekk, dei sprang og dei fortalde det til alle dei andre.

Undervegs møtte dei han også, den oppstode Jesus Kristus. Dei kjende han ikkje att med det same. Hadde vanskelig for å tru at det kunne vere han. Men han syntte seg for dei på vegen. Når han snakka med dei, og gjekk saman med dei eit stykke. Når han delte brød og vin ved bordet. Når han ropa oppmuntran- de til dei på ein dårleg arbeidsdag etter timar med slit på sjøen, utan ein einaste fisk i garnet. Det var hendingar kor dei kjende han att. Kjende att Guds kjærleik og nåde i det kvardagslege livet. Kor Jesus plutselig var midt iblant dei, fysisk, konkret, som eit anna medmenneske. Som gav tru, håp og kjærleik i dei og blant dei og gjennom dei. Ja, som sette dei i rørsle til andre.

Tru på oppstoda sett menneske i rørsle.



Frå bispekåpa til Hamar biskop. Motivet er Guds lam framstilt som den seirande Kristus som ber korsfanen – seiersfanen. Symbolet sit på den minste delen av bispekåpa – på spennet som held kåpa saman. Guds lam er eitt av dei sterkaste symbola i kristendommen Foto: Kirsti Hovde

Fyrst kvinnene ved grava. Så dei andre disiplane. Deretter kyrkja og menneska over heile verda. Tru på oppstoda er drivkraft til liv. Den er heilt grunnleggande ikkje berre i kyrkjias liv, men i verdas liv.

Tru på oppstoda vart til rørsle, og rørsle vart til ei kyrkje – og til liv for mange.

Å ja, kyrkja kunne trø feil, gjere menneske urett, svikte Gud. Men den ber også tru til trøyst, håp og handling. Som ubrote rører seg utover, til utkanten. Til verda.

Jesus er ikkje i grava. Han har stått opp. Han er her, fordi vi er her.

Ole Kristian Bonden
Biskop i Hamar

Konfirmantar i Vang 2023

Øye kyrkje 3. juni

Benas Judenas
Halvor Kattevold Marken Svien
Emil Fjeld Ødegård

Vang kyrkje 4. juni:

Lene Berge
Emilia Bøe
Thea Søndrol Nickelsen
Rei Zogaj

Heensåsen kyrkje 10. juni:

Frida Hippe Lunde
Vebjørn Høyme Havro
Malin Granlund Jevne


Høre stavkyrkje 11. juni:

Leah Thune Skeie
Malin Aastad Kjøs
Tobias Nikolai Lokreim-Poulsen

Mi påskesalme

Av dei salmane eg veit om og likar godt, er det «Påskemorgen slukker sorgen» som skil seg ut. Eg trur det er mest av di det var ein av salmane mormora mi likte veldig godt, også har eg liksom arva den. Salma er fylt med glede over oppstandelsen og sigeren over døden, men det var vel neppe det som fenga meg då eg var lita. Kanskje det var melodien, den er jo ganske mektig og nesten majestetisk, særleg med kyrkjeorgel og eit kor eller ein kyrkjelyd som syng så det rungar.

Marianne Riste



Påskemorgen slukker sorgen

*Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradys.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven
midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold.*

*Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet
smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder,
Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*

Oppi Sul mot fjella i vest. Foto: Sigrid Nystuen

Samefolkets dag

I Vang ble Samefolkets dag 6. februar feira for 19. gang. Det var Carl Philip som «fant opp» denne feiringa som starta i 2005, og det var naturleg at det ble i Øye for der bor det en samisk familie. Denne gangen starta vi med bidos og samisk brød på Tyinkryset fjellstue. Vi var ca 25 personer til ei trivelig samling. Ingebjørg prest engasjerte oss med quiz. Spørsmåla var om samiske forhold, og selvfølgelig hadde de med samer på laget alt rett, og vi andre lærte litt.

Etter middagen dro vi ned til kirka i Øye til kveldsgudstjeneste i tradisjonell stil. Ola klokker og Olav kirketjener var på plass, og Alistair var organistvikar denne kvelden. Vangskoret deltok med flere flotte sanginnslag. Det er alltid høgtid å synge samenes nasjonalsang og Ingebjørg oppfordra oss til å synge noen av salmene på samisk.


Prekenen denne kvelden var utradisjonell og dreide seg hovudsakelig om Elsa Laula Renberg – stifteren av Samefolkets dag. Det første samiske landsmøtet ble arrangert 6. februar 1917 i Trondheim. Ingebjørg hadde lest og lært seg mye om Elsa og samiske forhold og oppfordra også oss andre til å gjøre det.



Familiene Otervik og Sørensen.

Det var godt frammøte i kirka i Øye denne kvelden med ei fin forsamling med folk fra ulike kanter. Som vanlig deltok flere av samene som bor i Valdres. Etter gudstjenesten serverte soknerådet nydelig marsipankake og kaffe i kirka. Tusen takk til alle som bidro til denne flotte kvelden! Feiringa av Samefolkets dag er en god og viktig tradisjon som det er vel verdt å fortsette med her i Vang!

Kristin Bakke Lajord



Heensåsen kyrkje i soløppgang. Foto: Oddvin Almenning

Velkomen til Kulturstøga i Øye

Tidleg på 1990-talet vart fleire kyrkjer i landet tent på og brent ned, og dette resulterte i at det vart sett fokus på sikring av kyrkjer. Først og fremst var det stavkyrkjene som vart sikra mot brann, og Øye stavkyrkje fekk sitt anlegg i 1994. Med statlege midlar fekk Riksantikvaren ansvaret for å sørge for dette. Fordi det hasta, vart det sett opp ein container til sløkkevatn og teknisk rom, men dette skulle berre vere ei midlertidig ordning. Så skulle det altså gå 29 år før containeren kunne avløysast av ei permanent ordning.

Containeren i Øye har vore eit tema i alle desse åra. Den er ikkje akkurat vakker der den skjermar for stavkyrkja. Då eg byrja i jobben som kyrkjeverje i august 1997, låg denne saka på bordet, med beskjed om at dette måtte vi få gjort noko med fort. Oi, tenkte eg, korleis skal eg få til dette? Det var lagt plan for høgdebasseng for sløkkevatn i lia ovanfor kyrkjene, men ikkje så mykje anna.

Eit teknisk bygg måtte til, og kor skulle det plasserast? Det er mykje dyrka mark rundt kyrkjene, og for kyrkja var det viktig å ikkje øydelegge for dei som skaffar oss mat, altså gardbrukarane. Riksantikvaren hadde sterke føringar på kor bygget IKKJE skulle vere. Etter kvart vart det klart at kyrkjegarden måtte utvidast, så då måtte den også inn i planen. Og vegen opp til «nye» kyrkja, som er bratt og av og til er speilblank eller som driv fort att med snø, burde leggest ein annan stad. Omvisaren måtte også ha tilhald ein stad. Vi såg etterkvart at dette ville bli eit stort og kostbart prosjekt, og det måtte til ein reguleringsplan for alt dette.

Kommuneplanleggjarane har i tur og orden jobba mykje med dette, både overfor Riksantikvaren og fylket og med politikarar her. Fleire gonger har vi tenkt at NO var planen god, men nei då, då vart det stopp ein stad, og vi måtte tenke nytt. Eg har fleire gonger, i frustrasjon, litt flåsete sagt at eg håpar vi får avslutta dette før eg går av med pensjon. Ja, det blir berre så vidt, det gitt.

Harald Bjercknes i kommunen fekk i



oppgåve å få dette prosjektet i hamn. Huset til Ola Øye (og etter kvart Sigrun Hålien og Grete Aasheim) vart vurdert som teknisk bygg med tilhald for omvisar, og huset vart kjøpt. Men det viste seg snart at det ville koste meire å restaurere huset enn å bygge nytt, så huset vart rive og Ingrid Skavhaug og Rune Vik fekk jobben med å teikne eit nytt hus og området rundt, både veg, parkering, kyrkjegard og området nede ved stavkyrkja.

Den nye kyrkjegarden er utvida med plass til 65 graver, og det blir ein namna minnelund der med 30 urnegraver (sjå elles annan stad i bladet om namna minnelund). Det er rydda opp i avfallsordninga, og gamle gravsteinar er sett opp nedanfor bærehuset. Den nye vegen opp til kyrkja og Kulturstøga går opp lenger vest enn før og slynger seg opp til kyrkja, med parkeringsplassar der. Nede ved stavkyrkja skal det bli grasbakke der vi no har parkert, og: HURRA! Containeren og det vesle letthuset skal vekk!

Kulturstøga har vorte eit spenstig hus, som no inneheld teknisk anlegg i kjellaren, med sløkkevatn frå eit høgdebasseng ovanfor nye E16. I 1.etg er det toalett for kyrkjene, ein god plass for omvisar med ein kjøkenkrok og høve til å selje kaffi og is t.d., og det blir ut-



stilling med informasjon. Med statlege midlar sørger Riksantikvaren for kostnadene til teknisk rom med nytt sløkkeanlegg og tilføring av kablar og leidningar til stavkyrkja.

Utstillinga hadde vi ikkje midlar til, men Katharina Sparstad hjå Valdres Natur- og kulturpark (VNK) har vore til stor hjelp med å søke om midlar til utstillinga, tekst og ting til montrar. Vi får låne eit røykjelseskar som var i den gamle stavkyrkja, og eit sverd og ei vevskei som er funne i området. Ein stor runestein som vart funne på den gamle kyrkjegarden, kjem og tilbake. Infor-

masjonen blir lagt til rette for barn og unge, med ei tidslinje i teikneserieformat og tekst og bilete om både kyrkjehistorie lokalt og nasjonalt, og kulturhistorie om Øye. Teksten skriv Inger-Eli Hemsing og Katharina Sparstad, og teikneserien blir teikna av Alexander Haugelien. Den gamle portalen som vart funnen, er på Kulturhistorisk museum, men skal vi låne den hit, vil det koste meir enn vi har pengar til. Så i staden blir den måla slik den ser ut i dag, med ei aning om korleis den delen som er borte, var. Det er Martine Solstad Larsen som målar den. Rommet skal også ha eit bord og stolar, slik at ein kan ha møte der.

Dette har teke lang tid og gitt mykje arbeid til mange av oss, men så har det jammen blitt ei god løysing! TAKK til Vang kommune som har vore villig til å bruke mange millionar på dette og har sett at dette har vore viktig å få til på ein god måte, og som er eigar av huset.

Laurdag 14. mai håpar vi heile Øye vil flagge og vere med på opninga av Kulturstøga, og sjølv sagt alle andre som vil.



Vi inviterer biskopen, prosten, Kulturdepartementet, Riksantikvaren, VNK med fleire, og sjølv sagt blir ordføraren vår med. Og så eg.

Det blir høgtideleg opning, litt tilbake-

blick på prosjektet Øyebakkin, og etter kvart blir det servering på Øye samfunnshus. Velkomen alle!

Tekst og foto: Guro Hovda
Foto: Vidar Eltn

Vang kulturskule

Vang kulturskule kjem til å gå i gjennom eit personalskifte til hausten, og det er for tida rundt 120 % stilling ledig i skulen. Her er det mellom anna ny rektor i 50 % stilling.

Vi har mellom anna satsa på skapande skriving frå hausten av, og på dette kurset er det Victoria Ose som er lærar. Skapande skriving er eit tilbod til deg som vil skrive. Leik med språk og egne kjensler/meiningar i ulike tekstar og sjangrar.

Kunstverkstad har siste året vore lagt til Høre samfunnshus, og her er det Ingvild Oldre Heggom som er lærar. Vang kulturskule er glad for at vi kan serve bebuarane i denne regionen med dette kurset. Elevar frå kurset til Ingvild har ofte vore med på Valdres sin lokale UKM og fått gode tilbakemeldingar.

Teaterkurset har dei siste åra vore omtykt blant elevane, og her er det Victoria Ose som er lærar. Her er det viktig å bruke kropp og stemme i ulike roller og få kjennskap til nye sider ved seg sjølv.

Oppfinnarklubben/Jokerspace i Fosse går inn i sitt andre år med samarbeid mellom Vang kulturskule og Vestre Slidre kulturskule. Her er dei allsidig utstyrt med mellom anna 3D-printer, laserkutter, graveringsmaskin og stoffpresse. Kvar måndag etter skuletid er spesielt 5. klasse invitert til å bruke sin kreativitet og fantasi.

Musikkteknologi er eit kurs med lyd og leik. Lære seg å bruke nye moglegheiter innafor for eksempel opptak av musikk. Dominik Schmidt-Phillip er lærar her.

Elles så har Vang kulturskule dei «vanlege» faga som piano, gitar, fiolin, lanlegeik, dans med meir.

Vang kulturskule sin folder vert sendt ut saman med dette menighetsbladet, vi vonar du vil sjå på denne. Vang kulturskule ønsker nye og tidlegare elevar velkomne som elevar frå hausten 2023.

Oddbjørn Skeie
Kulturskulerektor
og kulturfagleg rådgjever



Vinneren av Positivprisen 2022

Som kjent ble prisen «Den positive vangsgjelding» i 2022 tildelt Marius Ekeberg, Yvonne Mæland og Anita Olafsen, for deres utrettelige arbeid med håndballmiljøet i Vang. Ved prisutdelingen sa ordføreren følgende i sin tale til prisvinnerne:

«Vinnaren av Positivprisen i 2022 er verkeleg ein lagspelar. Som utan tanke på eiga vinning står på for ei svært viktig gruppe for Vang: ungane og ungdommane våre. Etter at me fekk ferdigstilt Vangshallen, har idrettar og aktivitetar som ikkje har vore så vanlege i Vang, blomstra opp. Men det går ikkje utan at det er nokon som står bak og får til aktivitet. For Vang kommune er det eit klart mål å gje ungane som veks opp her, gode levevilkår, dei skal ha eit variert fritidstilbod og føle at dei blir sett og ivaretekne. Me klarar kanskje ikkje å ha eit godt nok tilbod til absolutt alle, men det tilbodet det her er snakk om, gjev god fysisk trening, meistringsfølelse og ikkje minst lagfølelse, vere ein del av noko.

Vinnaren av Positivprisen får den for den innsatsen som blir gjort for håndballmiljøet i bygda. Vinnaren har skapt ein arena kor alle barna blir sett, møtt og får utvikle seg gjennom fysisk aktivitet og godt samhold. Vedkommande trener alle lag to gonger i veka, arrangerer og stiller opp på treningar og turnering. Dei er brennande engasjert i handball, men også pedagogisk einestående for barna våre og viser omsorg for kvar og ein av dei. Her blir ingen forskjellsbehandla og alle sett.

For første gang i år stiller lille Vang i håndballserie, og jenter 14 år skal ut og spille kampar i innlandet. Dette er takka vere innsatsen til prisvinnaren, og dei er med på reisa og bruker av sine helger på å trene og heie fram laget. Dei stiller heimen til disposisjon til pizza og obligatorisk spillermøte – med fokus på strategi, lagånd og bading i boblebad, helt på eige initiativ og utan eiga vinning.

Men no er det slik at det ofte er eit trenarsteam og ikkje berre ein person som står bak eit slik flott opplegg det er snakk om. Derfor er det tre verdige vinnarar av Positivprisen år. Dei tre har litt forskjellig funksjon i trenar- og støtteapparat, men saman er dei dynamitt.»

Jeg har tatt en prat med prisvinnerne. Jeg finner dem i Vangshallen, i full sving med å trene ca. ti jenter i alderen 12-14 år, supplert med to gutter.

De forteller at prisen kom helt overraskende på dem. De var til middag på asylmottaket, som de har fått gave fra, da de ble hentet ned til prisutdelingen. Det var Yvonne som begynte med håndballtrening for barn, sammen med Erik Martinsen. Så flyttet han, men Anita og Marius sluttet seg til etter at de flyttet til Tyinkrysset høsten 2018. Alle har de vært både håndballspillere og -trenere i mange år tidligere, og nå driver de tre altså håndballtrening med unger i Vang på 5. året. I dette tidsrommet har antallet spillere økt fra åtte til ca. 50 i ulike aldre, fra seks til fjorten år, fordelt på sju lag.

Det er ikke vanskelig å få disse tre i tale. Replikkene sitter løst, selv om de tydeligvis er veldig bevisste på hva de gjør. I en samtale fylt av mye latter forteller de bl.a. at det går slag i slag alle tirsdager og torsdager med trening for ulike

aldersbestemte lag fra kl. 17 og utover kvelden. I tillegg er det ofte kamper i helgene. Nylig var de f.eks. med jenter 14-laget på kamp i Trysil, Hamar og Raufoss lørdag og søndag, før turnering i Valdres resten av søndagen med de andre lagene.

De forteller at ungene er veldig ivrige, de ønsker stadig bli bedre, og de gir aldri opp, selv om de kan møte andre lag som tar håndballen «blodseriøst». De blir irriterte når de gjør feil, de vet ofte



på forhånd at de kommer til å tape en kamp, men de gir ikke opp likevel. Marius har trent mange lag, også på høye nivå, men han er særlig imponert over hvordan disse ungene og ungdommene står på «og vil og vil», som han sier. Det eldste guttelaget var veldig godt, men det er få igjen nå etter at driften på asylmottaket ble nedlagt for en tid tilbake. Nå har det begynt to ukrainske gutter, og forhåpentligvis kommer det med flere igjen. Marius legger vekt på at alle har et godt potensial: «Den dårligste her, kan godt ende på landslaget», som han sier.

Trenertrioen er svært bevisste på at de skal se alle spillerne, stille krav og ta vare på alle, behandle dem individuelt og bygge på det riktige de gjør. Men like viktig er det å bygge et lag, et «vi», hvor

alle vet at de er viktige i en helhet. Slik kan alle føle seg trygge og verdsatt. Lagbygging skjer også utenfor banen, bl.a. med pizzakvelder og utflukter utenom treningene. Da er det også viktig med aldersblanding.

Selv om det er mange andre tilbud for barn og unge i Vang, så det kan være travelt å vokse opp nå, er det få som slutter på håndballen. Snarere er det flere som ønsker å utvikle seg videre som håndballspillere: flere har meldt seg på håndballskole med Vipere i Kristiansand til sommeren, noen har begynt å dømme, og flere har tatt trenerkurs. De tre entusiastiske trenerne fremhever at det ikke bare er ungene som har det gøy med håndballen – det er givende og gøy for trenerne også, selv om det kan være travelt noen ganger. Og de

fremhever det gode samarbeidet med foreldrene, som er veldig flinke til å stille opp: de kjører lange strekninger til kamper, de deltar i kiosksalg og kommer på kamper, også sammen med ganske mange andre tilskuere som ikke har egne barn med. De fremhever også den viktige støtten fra sponsorene Vang Energiverk, JotunKraft, Intersport Filefjell og Transportpartner Valdres, samt gaver fra UDI og asylmottaket. Disse pengene brukes til drakter, baller og annet utstyr.

Tiden går fort i hyggelig selskap, men når de tre prisvinnerne må gå hver til sitt, sitter jeg igjen med en følelse av at var jeg mange år yngre, så hadde dette vært gøy å være med på!

Sidsel Offergaard Jevne

Feira 25-årsjubilarer i Vang kommune

Etter ei fartstid på 25 år i Vang kommune, blei det før jul gjort stor stas på Anni Marit Hjellemarken og Marit Karin Einang.

Det har vorte ei tradisjon i Vang kommune å gje ei lita merksemd til dei som har arbeidd 25 år i kommunen. Tidlegare har det blant anna vore markering i Sørre Hemsing, men dei seinare år, og når pandemien har tillette det, har markeringa vore på Tyinkrysset Fjellstue.

Både Anni Marit og Marit Karin kan legge bak seg heile 25 år som tilsette i Vang kommune. Anni Marit byrja i kommunen i 1993 som tilkallingsvikar i Fredheim barnehage. I oktober 1997 byrja ho som reinhaldar, der ho framleis er tilsett. Frå januar 2022 byrja ho som assistent ved tilrettelagte tenester avd. Bakkehaugen, der ho framleis jobbar.

Marit Karin byrja i Vang kommune i 1997 som heimehjelp, og gjekk over til pleie og omsorg ved Vangsheimen i 1998. Der jobbar ho framleis som hjelpepleiar. I tillegg har ho vore tilsett som vikar ved Vang kulturskule frå 2014 fram til juni 2022.

Gåver og blomster til jubilarane
Under markeringa 13. desember blei



det høgtidleg overrekking av både gåvekort og blomster av ordførar Vidar Eltun og kommunedirektør Erlend Haaverstad.

– Vang kommune er den største arbeidsplassen i Vang, og me er heilt avhengige av kvar enkelt arbeidstakar for at kommunen skal gje eit så godt tenestetilbod som mogleg, innleia ordføraren, som la til at det er, og skal vere, høg kvalitet på dei tenestene kommunen gir innbyggjarane. – Derfor må me også ha godt kvalifiserte og dyktige medarbeidarar i dei ulike stillingane.

Eltun la vidare vekt på at han både håpar og trur at jubilarane tykkjer kom-

munen er ein god og trygg arbeidsplass. – Det er både med glede og takksemd ordføraren og kommunen kan gjennomføre denne middagen og verkeleg setje pris på dykk to og den innsatsen de har lagt ned for kommunen. Samla sett blir det veldig mange arbeidstimar. Han runda av den høgtidlege stunda med å fortelje at kommunen er veldig godt fornøgd med jobben jubilarane har gjort og framleis gjer. – Me håpar de vil bidra til beste for Vang kommune i mange år enno, avslutta ordførar Vidar Eltun.

Tekst/foto:

Anne Karin Skjær - personlrådgjevar

Smykkeutstillinga ARV i Høre stavkyrkje

I april vil Høre stavkyrkje vera vertskap for ei unik smykkeutstilling. Gullsmed og smykkedesignar Reidun Breistig vil lage ei utstilling av smykker knytt til hennar kristne tru og tilpassa og inspirert av Høre stavkyrkje. Utstillinga blir ei blanding av smykker som ho har laga tidlegare og smykker som blir laga til denne utstillinga.

Utstillinga heiter ARV, og Breistig seier sjølv at «målet mitt med utstillinga er å få folk til å reflektera over kven vi er, kva som er av verdi og kva me vil gje vidare». Mange smykker er arvegods og blir ofte nytta som dei er. Likevel er det mange som ynskjer å omskape denne arven og bera den vidare i nye former. Har det noko å seie for verdien til smykket? Er det andre «smykke» som går i arv og anten blir vidareført i origi-

nalforma eller blir omskapt til nye former? Har det noko å seie for verdien?

Reidun Breistig er frå Haugesund og har drive eigen verkstad sidan 1989. Ho har lang erfaring i smykkedesign og formgjeving og har hatt ei mengd utstillingar opp igjennom åra. Den siste utstillinga hennar var i Valestrand kulturkyrkje i 2021, der ho og stilte ut smykker under temaet ARV.

Ved sidan av ei lang rekkje utstillingar i Noreg så vel som i utlandet, har ho og vunne fleire prisar. Ho fekk fyrsteplass for redesign i Haugesund i 2011 og hadde ei juryert vandretstilling som heiter «Smykk meg» i regi av Norges gullsmedforbund i 2003, for å nemne noko. Reidun Breistig har hatt ulike oppdrag knytt til utforming av gåver blant anna

til dronning Sonja og kronprinsesse Mette-Marit, ho har laga representasjonsgåver til Sveijo kommune og ordførarkjede til både Granvin og Ullensvang kommunar.

Ho lagar og smykker for sal, både gjennom eige verkstadutsal og gjennom nettbutikk. Besøk gjerne nettstaden www.reidunbreistig.no for bilete og meir informasjon om arbeidet hennar. For å sjå glimt frå utstillinga i Valestrand kulturkyrkje, kan de søke det opp på internett eller gå til facebook og denne lenka: (3) Valestrand kulturkyrkje | Facebook. Det bli høve til å kjøpe verka i utstillinga i Høre.

Vi i Høre sokneråd tykkjer det er spanande å ta i bruk kyrkjerommet på nye måtar og på den måten bli med å trekke tråden frå det som var, til det som er og vidare til det som skal bli. I utstillinga ARV ser vi slike lange trådar, og med smykker rotfesta i kunstnaren si personlege tru og i element henta frå ut-smykkinga i stavkyrkja, blir det høve til å både sjå fortida i lys av notida og framtid bygd på tradisjonar og kultur. Kva har vi arva, korleis formar ei arv oss og korleis kan vi nytte arven i framtida? Utstillinga og samarbeidet med Reidun Breistig er Høre sokn sitt bidrag i markeringa av 1000-årsjubileet for kristninga av Noreg.

Utstillinga opnar laurdag 1. april kl. 12.00. Utstillinga vil vere open når det er gudstenester i kyrkja, samt i helgene frå kl. 11.00 til 15.00. Siste utstillingsdag er søndag 30. april.

Tekst: Hanne-Kjersti Berge

Under: Olavsflammen på Valdres folkemuseum.

REIDUN BREISTIG
UTSTILLING SMYKKEKUNST

HØRE STAVKYRKJE
1.-30. APRIL 2023

AVE CRUX
SPES ONICA

Arv
EN DEL AV

NASJONALJUBILEET
NORGE
I TUSEN ÅR

OPNING AV UTSTILLINGA

Laurdag 1.	11.00-15.00	Opning 12.00
Sundag 2.	11.00-15.00	Palmesundag
Tysdag 4.	11.00-15.00	
Torsdag 6.	18.00-20.30	19.00
Sundag 9.	11.00-15.00	Kveldsgudsteneste
Laurdag 15.	11.00-15.00	1. påskedag
Sundag 16.	11.00-15.00	
Laurdag 22.	11.00-15.00	
Sundag 23.	11.00-15.00	
Laurdag 29.	11.00-15.00	
Sundag 30.	11.00-15.00	11.00 Gudsteneste

Menighetsbladet
takker for gáva frå
Onsdagskafeen

Menighetsbladet
takker for gáva frå
Heensåsen sokneråd



Valdres i 1000 år – Nyttårsvandring til Kvithøvd 1. nyttårsdag

I sol og rimeleg bra med kuldegrader (minus 18), tok me turen til Opp-Slidre 1. nyttårsdag. Der møtte me mange kjente frå både Vang, Slidre og Røn. Triveleg møtast og gå på tur med andre enn det ein gjer til vanleg.

Med oppkøyrt scooterløype kunne ein gå til fots, men fleire av oss hadde på truger. Praten gjekk lett, oppover bakkanane mot staden der me skulle møte flokken som kom frå Volbu. Då me møttest, kunne me konstatere at flokken var omtrent like stor som vår, og endå fleire kjente. Triveleg møte att både den eine og andre, og ikkje minst gamle skulevenner frå 80-talet. Prost Carl Philip hadde med Olavsflammen frå Volbu og leda an flokken på 26, opp mot Kvithøvd.

Det er fin lei til Kvithøvd, både frå Vestre Slidre og Øystre Slidre. Men det å koma til topps 1001 moh og møte utsikta mot Vang, er nok det likaste lell. For eit vakkert skue!

Carl Philip og vikarprest i Vestre Slidre, Trygve Rø, hadde laga eit akkurat passe langt og fint program. Svein Hegge opna med å spela på lur, deretter var det både song, tekstlesing og nyttårstankar, før høgtidleg overrekking av Olavsflammen. Carl Philip sa nokre velvalte ord, før Trygve Rø fekk flammen, som skulle bli med ned att på andre sida til Vestre Slidre, vidare til Valdres folkemuseum på Fagernes, der den skal brenne heile 2023.

Me avslutta med Deilig er jorden, før me rusla bort til ungdomslagshuset til Fram UL, der nokre hadde laga til fin



Prost Carl Philip med Olavsflammen på Kvithøvd.



Svein Hegge spelar på lur.




Trygve Rø utanfor Valdres folkemuseum.

bålpass der ein kunne både varme seg, samt eta og drikke det ein hadde med seg.

dres-kommunar, frå fyst i mars til godt uti september. Takk for ein fin start på 2023!

Ein fin start på nyåret – og ein fin start på jubileumsåret 2023, som vil vere eit jubileumsår med markeringar i alle Val-

Tekst og foto: Inger Kongslien Tveit og Knut Rogn Tveit
Foto: Carl Philip Weisser



Helsing frå Vangsheimen

Tilbakeblikk på året 2022 – Dagsenter Vangsheimen og Solgløtt dagsenter

Året startet der 2021 slapp, nemlig med koronarestriksjoner hengende over oss. Dette preget hele ettervinteren og til utpå våren 2022. Dagsentrene var stort sett åpne gjennom hele året – også i perioden med restriksjoner. Hverdagen var nesten som normalt, og aktivitetene ble gjennomført nesten som før. Brukerne fikk opplevelser som de selv bidro sterkt til ble realiserte.

Vangsheimen dagsenter er et lavterskeltilbud for eldre, funksjonshemmede og personer med psykiske lidelser. Per i dag er dagsenteret flittig brukt av hjemmeboende brukere fra hele Vang kommune og også av pasienter ved sjukeheimen. I året som har gått, har dagsenteret kunne tilby ulike aktiviteter som turgåing i nærområdet, hobbyaktiviteter, bussturer, fellestrim, andakter m.m. I løpet av 2022 var dagsenteret bl.a. på tur til Tynlam. Gjennom samarbeid med Frivillighetssentralen, biblioteket og Eldredagen i Øye har brukerne fått opplevelser av lokalt preg og mange flotte minner. Det har blitt mange konserter gjennom året, ved besøk av Geirr Lystrup, Guren Hagen, Synvis & Skattebu og Solfrid Olmhus på langeleik. Vi har også hatt besøk av Victoria Ose med Den kulturelle spaserstokken, som bidro med en av flere julekonserter på Fjordstøga på Vangsheimen i desember. I starten av desember hadde vi besøk av seniordansen, til stor glede for brukerne. Dansefoten fikk fart på seg! Da det nærmet seg jul, fikk vi en sangtime med Siri Gro og Alistair – det var populært. Det ble også gjennomført basar med mange flotte, selvlagde premier.

Solgløtt dagsenter er et dagtilbud for personer med hukommessvikt. Også her har vi gjennomført ulike aktiviteter som brukerne aktivt har bidratt til. Året 2022 begynte med vintervær og inne-aktiviteter som strikking, hobbyaktiviteter, blomstersåing, høytlesing og minnearbeid. I august 2021 startet prosjektet «Livets minnebok» på Solgløtt dagsenter. Dette var et prosjekt i samarbeid med den gangs 7. klasse ved VBU og var et prosjekt Statsforvalteren hadde gitt bidrag til for å motvirke en-

somhet hos gruppen sårbare eldre. I utgangspunktet skulle prosjektet avsluttes samme år, men det satte koronasituasjonen en stopper for, og først i mai 2022 fikk vi muligheten til å invitere til vårfest med overrekkelse av minnebøkene. Elevene besøkte brukerne ved Solgløtt regelmessig under samme periode hvor de intervjuet den eldre, samlet inn informasjon og bearbeidet materialet til en trykket minnebok som den eldre fikk som gave. Brukerne ved Solgløtt hadde stor glede av elevenes besøk og bidro til at elevene fikk nok skrive- og bildemateriale til disse minnebøkene.

Utover vår- og sommerhalvåret tok vi aktivitetene med ut. Også ved Solgløtt ble nærområdet i Vang sentrum aktivt brukt, og man hadde stor glede av blomstene som etter hvert vokste – de vi hadde sådd selv inne på ettervinteren. Det ble bussturer med en rundtur Vang – Høresbygda – Vaset – Syndin – Vang 15. juni i solskinnsvær og en høsttur til Smådalen og Helin i september i strålende flott høstvær. Vi var rett og slett heldige med valg av dagene for våre turer!

Året ble avsluttet med tre julekonserter hvor dagsentrene samarbeidet om gjennomføringen. Konsertene var et gledetilskudd i desembermørket, og mange av brukerne møtte opp og sang med. Vi vil takke for samarbeidet med alle frivillige, personalet ved sykehjemsavdelingene og andre involverte for året 2022 og håper 2023 bringer like gode frukter hva samarbeid gjelder. Selv vil jeg takke mine kolleger Gerd, Mimoza, Anne, Anny og Unni for det gode året som har vært, og sammen vil vi gå inn i det nye året med gode ideer og planlegge for mange aktiviteter for brukerne ved dagsentrene her i Vang. Vil også takke Birgit for hennes innsats som leder ved dagsentrene til hun sluttet i februar 2022. Selv tok jeg over som fagleder for dagsentrene i oktober 2022.

For Vangsheimen
Lene Johansen

Fagleder ved Vangsheimen dagsenter og
Solgløtt dagsenter



Rast på Syndin i juni



Besøk hos Tynlam



Juleverksted med basarprodukter

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
24. MAI

Hekta-leir 2023

Konfirmantene i Vang var på Hekta-leir på Lillehammer i februar.

Leiren startet fredag med innlosjering i Håkonshallen, der ungdommene fikk soveplasser i rom under tribunen og på tribunen. Seinere på kvelden gikk turen opp i Lysgårdsbakken. Der var det åpningsshow, med sang, tenning av OL-ilden og fyrverkeri.


Lørdag og søndag var det samlinger på scenen og sammen med ledere ifra Hekta. Både lørdag og søndag var det sjølvalgte aktiviteter som de reiste på. Da kunne de blant annet velge slalåm på Hafjell, bob i bob- og akebakken, ski-skyting, aking i akebakken og kunstaktiviteter i hallen.

Det ble laget et Ugandamarked der ungdommen hadde laga seg bodere. Der solgte de aktiviteter som de sjøl hadde funnet på. En kunne få kjøpt seg en klem, bestille kidnapping av andre ungdommer eller få en karikaturtegning av seg sjøl.

Ungdommene hadde og litt fritid, og noen av dem benyttet tiden til å gå å kjøpe seg pizza på Pizzabakeren.

Ei flott helg saman med konfirmantene.

Lise Berge
Monica Aastad
Bente Søndrol



Stølsmesse på Syndin

Tilbakeblikk på sumaren

I 2022 var det Signe Marit og Nils Oddvar Haugen som var vertskap for stølsmessa i Høre sokn. Dei opna dørene til stølen på Syndin og inviterte oss inn. Diverre var det ikkje så mange som trossa veret denne regnfulle og gråe syndagen i august, men dei 22 som var der, fekk ei fin stund saman. Forrettannde prest var vikarprest Torhild Larsen Nygård, og ho held ei fin gudsteneste med eit lett preg. Vi vart og introduserte for klokkespel, noko Geir og Torhild klarte med glans til tross for nokre sommarfuglar i magen på førehand. Arthur



hadde med seg el-piano og trakterte tangentane stødig både med og utan klokkespel.

Etter gudstenesta var ferdig, hadde Signe Marit steikt både lappar og kvikaker, og soknerådet stilte med fleire kaker. Det var nok traktering til alle, og endå var det til overs. Det var godt å sitje inne



i gráveret og dele mat og minner med alle frammøtte.

Tusen takk for gjestfriheita til Signe Marit og Nils Oddvar!

Hanne Kjersti Berge

Julekrybbe og morgonsong

I juleutgåva av Menighetsbladet var det ein flott artikkel om julekrybba i Høre. Der sto det at også julekrybba i Vang kyrkje er laga av den polske kunstnaren Ryszard Zajac. Men det stemmer ikkje.

Julekrybba i Vang kyrkje er laga av ein treskjerar i ein liten landsby på Madagaskar, og eg hadde den med meg hit til Vang hausten 2015. Vi som var i soknerådet då, syntes det var fint å ha ei julekrybbe frå Madagaskar, for det er landet vi har og har hatt misjonsprosjektet vårt i Vang i mange år. Madagaskar er eit av verdas fattigaste land, og kvar gong julekrybba er framme, kan vi bli mint om dette landet og folket der som treng vår omtanke, forbøn og våre gaver.

Ein onsdag i byrjinga av desember var eg så heldig å få vere med på ein aktiv morgonsong i kyrkja der julekrybba var i bruk. Då eg kom inn i kyrkja, var det ein fin flokk ungar frå Fredheim barnehage der. Dei skulle bli kjent i og med kyrkja. Ingebjørg prest hadde med ei kasse dekt av eit fiolett klede og fekk merksemd av ein spent ungflokk. Ho opna kassa og delte ut ein julekrybbefigur til kvart born. Etterpå skulle ungene kome inn i alterringen for å plassere figurane. På dette viset fekk dei faktisk ta og kjenne på juleevangeliet. Og dei fekk vite kvar figurane var laga og kom ifrå. Ved slutten av samlinga i kyrkja vart ungene oppmoda til å tenne lys i

lysgloben og sende ein ekstra varm tanke til nokon.

Tusen takk til Ingebjørg, staben i kyrkja og Fredheimgjengen for ei flott morgonstund saman!

Tekst: Kristin Bakke Lajord
Foto: Fredheim barnehage



Julefest

Den 7. januar kunne vi endelig samlast til julefest i Høre igjen. Om lag 80 barn og voksne kom, til tross for sterk konkurranse med både sjukdom og skirenn. Det var gledeleg at det kom folk frå heile Vang, det gjer det ekstra moro å arrangere. Soknerådsleiar Marta leia festen på ein framifrå måte, og fekk med heile salen på allsang i nokre av dei fine julesangane våre. På piano i år var vi så heldige å få med Arthur, slik at vi held tonane so nokoleine. Vi er og heldige i Vang som har flinke elevar i kulturskulen, og nokre av dei stilte opp og underheld for oss. Vi fekk høyre langeleik ved Mathilde Berge Egge, Amalie og Karoline Veflen spelte fele, Storm Buajore Tørstad trakterte tangentane på pianoet med stor dyktigheit og Eskil Kjøs tok med seg gitaren. Alle fekk dugeleg applaus og ei lita gåve som takk for bidraget.

Det er ikkje vanskeleg å arrangere julefest når så mange bidreg med kaker, så etter at vi hadde ete og drukke godt var det tid for Ingebjørg prest sitt julespel. Ho hadde med kostymene som Sølvi Havro har spesialsydd til formålet, og både barn og voksne let seg både invitere, lokke og applaudere opp på scena. Det var god innsats frå alle, og ekstra stas var det at skodespelarane på scena spegla samfunnet vårt både



i farge, form og funksjon. Det er rom for alle!

Så var det tid for å gå rundt juletreet, og jammen vart det to store ringar i år og. I valet av songar er det tradisjonar som teller, og det vart gått rundt ein einbærbusk både framlengs og baklengs. Til slutt song vi «På låven sitter nissen», for å sjå om han var i nærleiken av Høre

denne dagen. Og skulle du ha sett: det var han! Heldigvis var han førebudd, for han hadde med seg godteposar som han delte ut til borna.

Tusen takk for laget til alle som kom på julefesten, vi håpar å sjå dykk att til neste år!

Hanne Kjersti Berge
Foto: Gunn Audhild Tørstad

Luciadagen

Luciadagen vart feira på VBU med prosisjon og sang av 4. og 5. klasse som vitja alle dei andre klassane med sang og opptog. Lucia kom først med lys, så fleire kvitkleddede og til sist kom også nissane.

Takk for ei fin stund på VBU og for at me fekk bruke bileta til Menighetsbladet. Det var kjekt å bli invitert.

Ingebjørg Vik Laugaland



Valdres i 1000 år

Snorre forteller at kristendommen kom til Valdres ved tvang og list. Olav Haraldsson skal ha tatt seg over fjellet fra Lærdal høsten 1023 og samlet folket til ting. Der bød han dem kristendommen, men de tok ikke mot. Om natten lot han gårdene på andre siden av fjorden rane og brenne. Da bad bøndene om fred og fikk grid. Snorre er både konkret i omtalen og omtrentlig med fakta.

Den brutale historien er det ikke noen grunn til å feire. Vi vet også at Olav døde i slaget på Stiklestad i 1030 og at han seinere ble en helgen. Men det som er mest spennende for oss som skal organisere 1000-årsfeiringen i Valdres, er hva dette hadde å si for Norge og Valdres i årene etterpå og fram til i dag.

Hvilke endringer skjedde i samfunnet for 1000 år siden, med kristenretten som Olav hadde med seg og med organiseringen av Norge? Hvordan endret dette folks tenkemåte, og ikke minst hvilke utfordringer står vi overfor i den brytningstid vi nå lever i? Vi håper at det å bli kjent med fortida, både det som var kritikkverdige og det som var av det gode, kan gi innspill til hvordan vi bygger gode lokalsamfunn som gjør Valdres til et godt sted å leve. Dette må vi stå sammen om, både de med lange røtter i Valdres og de som seinere har flyttet til. Viktig er det også å ta med flyktninger som har funnet sin plass i Valdres.

Vi har hentet inspirasjon fra verdigrunnlaget som er satt opp fra Nasjonaljubileet:

1. Hvordan en skaper et felleskap som både tåler og verdsetter ulikheter?
2. Finnes det verdigrunnlag som er ufravikelige?
3. Hvordan forstår og definerer vi oss selv i møte med andre?
4. Hva tar vi med oss fra fortiden og hva leverer vi videre?
5. Hvordan former vi et samfunn i spenning mellom tradisjon og fornyelse?

Prosjektet Valdres i 1000 år støtter arrangement som markerer jubileet og som har i seg jubileets verdigrunnlag.



Svein Hegge spiller på lur på Kvithøvd. Foto: Carl Philip Weisser

De vil også kunne bruke logoen som er laget til 1000 årsfeiringen. Vi vil gjerne høre fra dem som har gode ideer som de kunne tenke seg å realisere. Vi ønsker oss spennende møteplasser, og vi har fått noen midler så vi kan støtte flere arrangement.

Styringsgruppa består av prost Carl Philip Weisser, Ingebjørg Moe fra Valdres historielag, Ove Ekerbakke fra Øystre Slidre kirkekontor, Katharina Sparstad fra Valdres Natur- og Kulturpark, Ole Aastad Bråten fra Valdresmusea, Geir Kongslie fra Vestre Slidre kirkekontor, Aud-Karin Hovi fra Nord Aurdal kirkekontor og Eivind Brenna.

Starten på feiringa skjedde allerede ved nyttårsleite. Da ble Olavsflammen, som ble tent på Stiklestad, brakt til Valdres. På Kvithøvd, høyeste punkt på åsen mellom Vestre Slidre og Øystre Slidre, ble denne ilden overrakt fra presten i Øystre til presten i Vestre Slidre. Så ble den tatt med til museet på Fagernes, der den blir tatt vare på og brenner hele jubileumsåret.

Det blir markeringer og arrangement gjennom hele året. Flere arrangement er allerede gått av stabelen, bl.a. julegudstjenesten for ungdomsskolen i Øystre Slidre, der ordfører og ungdommer tok imot Olavsflammen som var kommet fra Stiklestad.

På Valdres Folkemuseum var det den 9. februar et svært interessant

seminar med tittel «Valdres for 1000 år siden». En fullsatt sal fikk spennende dypdykk i historien ved mange dyktige foredragsholdere. Planen er at foredragene skal gis ut i bokform.

I februar gikk foredragsserien «Grønt håp» av stabelen tre torsdagskvelder i Hegge kyrkjestogo. Her samarbeidet Naturvernforbundet i Valdres og kyrkja i Øystre Slidre. Målet var å se sant på klimasituasjonen samtidig som en ikke lar seg overmanne av håpløshet.

På programmet framover:

1. – 30. april

ARV. Smykkeutstilling i Høre stavkirke. Gullsmed og smykkedesigner Reidun Breistig har laget en utstilling av smykker knyttet til hennes kristne tro, og tilpasset og inspirert av Høre stavkirke. Utstillingen åpner lørdag 1. april kl. 12.00 og vil være åpen når det er gudstjenester i kirken, samt i helgene kl. 11.00-15.00

Lørdag 6. mai

Relansering av Kyrkjepasset for Valdres. Det er et lite hefte med bilde og informasjon om alle kirkene i Valdres. Ved alle 33 kirker er det ei kasse med stempel. Meningen er at en kan reise rundt og oppleve de flotte kirkene og samle stempler. Når en har vært ved de 8 middelalderkirkene kan en få en liten premie ved henvendelse til turistkontor eller kirkekontor. Har en stempel fra samtlige kirker, blir en med på trekning av en kunstbibel ved



Foto: Ola Dohl

slutten av året

«Bilgrimstur». Prosten inviterer til rundreise med avreise fra Fagernes til et utvalg av kirker i Valdres. Middag underveis. Påmelding

Lørdag 13. mai.

Åpning av Kulturstøga i Øye – nytt velkomstbygg knyttet til Øye stavkirke. Utstilling om bl. a. Olav Haraldsson

23. juni – 1. juli. Pilegrimsvandring Hedalen stavkirke til Sankt Tomaskyrkja i Vang. 28. juni-etappen fra Røn til Slidre er spesiell jubileumsdag åpen for dagsvandrere

Søndag 2. juli

Messe ved Fystrokyrkja

26. – 29. juli

«På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres 2023». Pilegrimsvandring fra Nysetstølen i Etnedal til Slidredomen 29. juli. Tre overnattinger. Fjellprest Eli Vatn planlegger sammen med en egen komite fra soknerådene langs ruta. For påmelding, ta kontakt med Eli Vatn, e-post: ev896@kyrkja.no

Lørdag 29. juli

Olsokfeiring og felles hovedmarkering ved Slidredomen. Arrangement ved Tingsteinen i Slidre. Ansvarlig: Historielaget i Slidre Økumenisk freds-gudstjeneste i Slidredomen. Hamar biskop, tidligere og nåværende Valdres-prester og representanter for ulike tros-samfunn. Olsokfeiring og folkefest etter messa. Servering, underholdning og hilsninger

Lørdag 29. juli

Olsokgudstjeneste i Reinli

Søndag 30. juli

Olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Olsokmesser og stølsmesser flere steder i Valdres

August

Volbu, kultursti og kyrkjemuseum

23. august

Spelstykke på tingplassen ved Leinesanden, ved Vang historielag.

27. august

Kongeveg-vandring fra Olavskjelda på Breidablikk til Leirskogen kyrkje med konserten «Som en kilde klar og ren». Sør-Aurdal historielag og kyrkja i Sør-Aurdal

2. – 3. september

Saltvegen over Filefjell. Vandring i samarbeid med Ragnar Eltun, Vang kommune, VNK og DNT

September

- Grubleseminar i Slidredomen
- Ungdom om ytringsfrihet i et kunstprosjekt. Nord Aurdal kommune er arrangør
- Musikk i 1000 år. Et samarbeidsprosjekt med fylket, NAK, Hilme, Valdres Sommersymfoni, Valdres i 1000 år
- Ungdommens hærpil til Valdres

Vår/høst -23

Ung i debatten

Høst -23

Skolefokus på Valdres i 1000 år: «Olavskilder i Valdres»?

Flere arrangement vil komme til etter hvert, så her er det bare å følge med!

Eivind Brenna og Carl Philip Weisser

Nytilsette i

Vang kommune frå 2022

Helene Hauge

Kommunikasjonsmedarbeider ved servicetorget Vang kommunehus.

Svein Ove Blystad

Sjukepleiar ved Vangsheimen avd. korttid- og heimesjukepleie.

Anne Karin Skjær

Sjukepleiar ved Vangsheimen avd. korttid- og heimesjukepleie.

Frank Hansen Thune

Byggesaksbehandlar ved landbruk og teknisk.

Jeanette Hermundstad

Psykiatrisk sjukepleiar i psykisk helseteneste.

Abdela Ibrahim Romodan

Helsefagarbeider ved Vangsheimen.

Christian Mortensrud

Miljøarbeider ved Lund arbeidsbase, Miljøtenesta.

Mathilde Anderdal

Beredskapskoordinator Vang kommune.

Lene Rogn Lokreim

ALLEMED-koordinator ved Vang frivilligsentral.

Elise Solheim Garvik

Rådgjevar landbruk, natur og miljø.

Endre Victor Lunde

Byggdriftar ved Vang kommune.

Miranda Bossers

Flyktningkonsulent ved Vang læringscenter.

Kamila Fijalkowska-Bojarska

Reinhalder f.t. Fredheim barnehage

Frivillige i Høre sokn

I ei tid der både den organisasjonspolitiske og den frivillige verksemda opplever vanskar med å få folk til å stille opp og forplikte seg, er Kyrkja i Vang utfordra til å tenkje nytt. Då biskop Solveig Fiske var på visitas hausten 2021, tok ho m.a. tak i dette då ho gav oss sine visitasutfordringar. Ho oppmoda oss til å «gå gjennom rollene som folkevalde sett i lys av oppgåver som frivillige, med mål om å organisere arbeidet så oppgåvene ikkje blir for mange for den einskilde». I Høre har vi teke tak i dette og sett på kva oppgåver vi har i soknet og kyrkja som kan utførast av andre enn medlemmene i soknerådet.

Til juletefesten er det mange som m.a. bidreg med baking, både frå Høre og resten av Vang. Det er mange som spontant tek i eit tak med oppattrydding etterpå, både i salen og på kjøkenet. Det at soknerådet kan ta ansvar for planlegginga og få hjelp til det praktiske, er ei god hjelp og motivasjon til å halde fram med juletefestane.

Det er alltid folk som stiller opp på den årvisse vårdugnaden rundt kyrkja, men då det vart behov for å ruske opp litt ekstra på og rundt kyrkjegarden i sommar i samband med ferieavvikling, så var det 6-8 stk som meldte seg på kort tid. Dei brukte ei ettermiddagsøkt og fekk verkeleg gjort kyrkjegarden og omgjevnaden rundt kyrkja ordentleg fin. Dei som deltok på dette, var samstemte om at det var godt og meningsfullt å få bidra på denne måten, og dei ville gjere bidra ved behov.



Å køyre ut Menighetsbladet har «alltid» vore ei av oppgåvene til soknerådet. Vi har no etablert kontakt med 6-8 personar, både par og «single», som har sagt at det er ei oppgåve dei kan bidra med. Vi har allereie starta opp med dette, så både denne utgåva av menighetsbladet og den førre er køyrt ut av frivillige i Høre. Dette er vi svært takksame for.

Vi opplever at mange av seniorane i bygda har lyst til å bidra med noko og støtte opp om kyrkja vår, men at å ta på seg verv og langvarige forpliktingar i soknerådet ikkje passar i deira livssituasjon. Framover tenkjer vi på om soknerådet kan samarbeide med frivillige om å vere kyrkjevert under gudstenestene, eller om det er andre felt vi kan samarbeide om.

For at organisering av den frivillige innsatsen skal bli enklast og best mogleg, er soknerådet i gang med å planlegge korleis dette skal gjerast. Det kan vere vi opprettar ei felles gruppe på Messenger, men det krev at dei frivillige nyttar denne plattformen. Det kan rett og slett hende vi må snakke saman alle involverte, før vi bestemmer oss.

Gjennom dette arbeidet håpar vi at soknerådet kan jobbe meir med kyrkja sitt innhald og få hjelp av frivillige til å utføre oppgåvene i praksis. Og er det ingen som har spurt deg, tenker du? Ta kontakt med ein av oss i soknerådet, det er plass til deg og!

Tekst: Hanne Kjersti Berge

Foto: Inger Kongslie Tveit



Kvinnernes internasjonale bønedag

Det er fyrste fredagen i mars og dagen for Kvinnernes internasjonale bønedag.

Kvart år planlegg ein komité kva land og kva tema ein bør velje for Kvinnernes internasjonale bønedag. I år er det fokus på vanskelegstilte kvinner både i Taiwan og Kamerun. Merksemd og kollekt går til nødvendig livshjelp og utdanning blant kvinnelege immigrantar og utsette åleinemødre gjennom Prosjekt Taiwan og Prosjekt Ester i Kamerun. Kvinner frå Taiwan har laga program for bønedagen 2023 med tema Eg har høyrte om utrykka. Kvinner frå Taiwan har laga program for bønedagen 2023 med tema Eg har høyrte om utrykka.

Markering av Kvinnernes internasjonale bønedag i Vang har gjennom fleire tiår gått på omgang mellom dei fire kyrkjelydane; dei siste to åra er arrangementet lagt til Høre kyrkje. Tilsette og frivillige planlegg og gjennomfører opplegg saman – i år ved Ingebjørg Vik Laugaland,

Arthur Budvytis, Solveig Heimlid, Elin Rømyhr Haugen og Kristin Bakke Lajord.

Vi tilhøyrarane kunne setje oss godt til rette i benkane og lytte til klangen frå kyrkjeklokkene og orgelet. Med salmar, tekst- og veksellesing, tankar rundt temaet og bøn for sårbare kvinner i Taiwan og Kamerun, kjendest dette som ei nyttig og verdifull kveldsstund.

Dersom fleire kunne tenkje seg å medverke til gjennomføring av Kvinnernes internasjonale bønedag i mars 2024, er det berre å kontakte kyrkjekontoret eller ein i soknerådet der du bur – alder inga hindring. Og hugs at også menn er velkomne til kyrkje på Kvinnernes internasjonale bønedag.

Tekst: Kari Bø Wangensteen
Foto: Ingebjørg Vik Laugaland



Kva er ein namna minnelund?

Både Øye og Høre får no namna minnelundar som kan takast i bruk i år, og dette er nytt her i Vang. Kommunen har uttalt at dette bør alle kyrkjegardane i Vang ha, så etter kvart vil også Heensåsen og Vang få dette. Vi ser at dette blir det meir og meir behov for her i landet. Mange har ikkje familie i bygda, eller vil ikkje «bry» dei med å stelle ein grav.

I dei namna minnelundane blir det høve til å setje ned urner i eit felt på kyrkjegarden som er sett av til dette. Det er ein felles minnestein, med plass for skilt med namn, fødselsdato og dødsdato på den avdøde, og med plass til to namn om ein vil ha det. Urnene vert sett ned i ei fast rekkefølge, så det er ikkje sikkert ektefeller får liggje ved sida av kvarandre, men dei kan ha namna på same skiltet. Det blir altså ikkje blomebed på kvar grav, men det blir plass til å setje ned blommar ved minnesteinen. Desse vi kyrkjegardstilsette rydde vekk når det er vissent.

I Øye er det laga til 30 urnegraver øvst



på det nye feltet. I Høre blir det 76 urnegraver. Dei blir lagt i øvre kant av det nye feltet, og det betyr at det blir litt færre kistegraver der. Det blir og sett benkar ved desse plassane, så ein kan sitje ned og la tankane vandre.

Det blir vanleg festeavgift for desse gravene, og ein kjøper skiltet av fellesrådet og betalar for å få skrive på det. Nye vedtekter kjem i løpet av våren, der dette blir skrive.

Guro Hovda

Kulturminne ved E16-utbygginga

Hugavik-tunellen ... ein framifrå erstatning for den smale Kvamskleiva, og Hæhre entreprenør må få takk for at tunellen kunne brukast heile denne veten, mange månader før planlagt dato. Må og nevne at eg i eit tidlegare stykke var redd for at den gamle milestøtta i Hugavike (110 mil frå Odnes) kunne vera øydelagt ... den er like fin og plassert ved busstoppen. Takk til entreprenør og Statens vegvesen for det!

Men eg har ikkje så mykje å sjå på lenger. Ved glatt veg og plunder kunne det stå bilar i timesvis, frå Saubekken og heilt burt på Tveitamoen sume gonger, etter det eg hørde, og sikkert like mykje frå Kvam og nordover. Såg kji alle eg, men eit fint lyshav i nattetimane var det. Vel, vel ... godt det er over no.

Ein eigedom er borte ved Sørre Kvam: Leirvang. Uthus i vegkanten og i mange år eit stort kvitt bolighus med blå markeringar rundt glas og takkant. Det var snikkaren Helge Leirhol frå Sørre Leirhol som bygde og budde her. Etter kvart saman med kona Marit, som var syster til Borghild, lærar og gardkjerer i Kvam. Då Helge kjøpte tomta, var det ein klausul om at han ikkje fekk lov å drive pensjonat der. Etter Helge og Marit sine dagar vart det kjent at huset måtte vike plass for å utbetre E16. Det hadde fått nye fargo utvendig – raudt o kvitt – men all restaurering stoppa no opp. Statens vegvesen kjøpte så eigedommen, og i mars 2018 vart husa brukt til brannøving. Husa stod omtrent der undergang på E16 med veg til Hugavoll og Berghall er bygt.

Hagastein ... ein stor stein eller liten fjellnabb, akkurat utfør E16 mot Vangsmjøse, der Ole Tomas Oldre har skogteig og støl på Hagastrønde. Han fortel at Hagastein er merke mellom Hamre nedre og Teigen, garden til Arne Stende – og er slik grense mellom Øye og Vennisane sine teiger/stølar på denne sida av mjøsa. Hagastein ligg ved normal vannstand akkurat i vassmålet og var ein super klatre- og fiskeplass for ungar. Både Ole Tomas og onkelen Arne Oldre bekreftar dette. Hagastein har nok fått litt juling ved siste utbetring av E16, men er der fortsatt, like



Marit og Helge



Leirvang i nye fargar



Turt. Foto: snl.no



Brannøving på Leirvang

ved kanten av ei nystøypd bru.

Ole Tomas spurde meg så: - Du kjenner vel til bruket Turtnes like sør for her, men veit du kva namnet kjem av? Nei, det visste ikkje eg. Det er ei plante som heiter turt, høgvokst med blå-lilla

blomster – ikkje svært vanleg i distriktet, men veks på Turtnes og har slik gjeve namn til bruket, fortalde Ole Tomas.


Tekst: Ivar Hemsing
Foto: Erik Råheim Kvam
Guro Råheim Kvam



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrte om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 03 71 00**



Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



God påske

frå biblioteket og frivilligsentralen



Vang frivilligsentral og Vang folkebibliotek samarbeider om å gje folk i Vang eit breitt utval av arrangement og aktivitetar. I vinter og vår har vi nokre faste aktivitetar: barseltreff måndagar kl. 11 i oddetalsveker, gitartime kvar onsdag kl. 15, samt norsktime tysdagar kl. 10 på mottaket, ope for alle.

I tillegg har vi enkeltarrangement og jamlege lesesirklar, Dikt til lunsj og kviss. Dei to siste kan du lese meir om i eige avsnitt her.

Tidlegare har vi laga halvårsprogram, men no har vi valt å lage program for 2-3 månader om gongen. Detaljar om alle arrangementa kan du lese om på heimesidene og Facebook-sidene våre. Du treng ikkje ha din eigen Facebook-profil for å sjå sidene, dei er ope for alle! Vi heng også opp plakatar i biblioteket og på dei kommunale oppslagstavlene. Og sjølvsagt er du velkomen til å kome innom eller ringe oss for å høyre om vi planlegg noko som du kan vere med på. Vi sender også ut nyheitsbrev, det kan du melde deg på her: (Scann koda med fotoappen på mobilen din, og trykk på lenka som kjem opp).



Bok i butikk

I eit par-tre år har vi hatt Bok i butikk hjå Joker Tyinkryssset og Joker Ryfoss. Bøkene i desse hyllene kan du låne med deg og lesa, einaste registreringa er at du noterer lånedato på lappen fremst i boka. Når du er ferdig med boka, set du ho tilbake att i hylla, eller du kan levere ho på eit bibliotek kvar som helst i Noreg. På denne måten er tilbodet for alle: vangsgjeldingar, hyttefolk og dei som er på gjennomreise.

Til feriane blir det rydda og fylt på med nytt i Bok i butikk, både fagbøker og romanar for vaksne, ungdom og barn. Vi ser tydeleg at det blir lånt bøker, mest vaksnebøker, men også ein god del barnebøker er i omløp.

Hugs at bøker som ikkje er frå våre bokhyller, må du levere på eit bibliotek. Viss ikkje blir dei ståande i butikken eller

lånt av andre medan bøkene framleis står utlånt på deg hjå eigarbiblioteket.



Dikt til lunsj

Sidan Valdres litteraturfest i haust har vi invitert til Dikt til lunsj kvar måned. Ta med nista og høyr Janne lese dikt medan du et. Vi byr på kaffi og te, og det er lov å kome utan å ete lunsj også. Før sommaren blir det tre rundar til med Dikt til lunsj, tysdag eller onsdag i siste halvdel av månaden.

Kviss på biblioteket

Før jul hadde vi den første kvissen på biblioteket. Det var allmennkunnskapen som skulle testast gjennom to rundar à 17 spørsmål. Spørsmåla handla om alt mogleg innanfor ulike kategoriar: nytt og gammalt, vanskeleg og enkelt. Det var god stemning og ingen høglydt usemje, berre nokre halviriterte stønn var å høyre då vi gjekk gjennom svara. Sidan det slo an, inviterte vi til kviss i januar og mars også. Kvissen tek ca 1,5 time inkl. pause og er like mykje sosial som konkurranse, med enkel bevert-

ning. Alle er velkomne, kom med eige lag eller åleine, vi finn nokon du kan vere på lag med! Vi set opp ein kviss til i mai eller juni og nyttar ulike veke-dagar, slik at folk som er med på noko anna fast, har sjansen til å bli med ein gong i blant.

Hovudbunadutstilling

Vi var så heldige å få vere vertskap for vandretstillinga Hovudplagg til bunad og folkedrakt 25. januar – 4. mars. Norsk folkedraktforum har samla saman 70 hovudplagg frå heile landet, og utstillinga kom til Vang frå Maihaugen og er reist vidare til Stavanger. Med bunadkledde arrangørar og med ordførar tilstades, var det storstilt opning 25. januar. Utstillinga har vore godt besøkt både av vangsgjeldingar og tilreisande.



Påska

Frivilligsentralen held stengt heile påskeveka, BUA er ikkje avklart i skrivande stund. Biblioteket inviterer til påskehygge dei dagane vi har ope i påska. Det blir sett fram til litt kreativt syssel og ulike spel, for dei som vil drive med det. Dette passar for ungar i følge med vaksen, eller kreative og speleglade ungdom og vaksne utan følgje.





Kreative dagar hadde vi også i vinterferien:

I påska held biblioteket ope:

- Laurdag 1. april 10-14
- Måndag 3. april 10-14
- Tysdag 4. april 10-14
- Onsdag 5. april 10-14

Og så sjåast vi att til normale opningstider frå tysdag 11. april.

BUA

I vinterferien var det også aktivitetssdag, i regi av BUA og Vang mottakssenter. Bakken bak mottaket egna seg godt til aking, og både store og små kosa seg i sola med BUA sitt rikholdige akeutstyr.



I BUA kan alle låne utstyr. Vi har som hovudregel ope tysdagar og torsdagar kl 15-16, men vi er også fleksible for dei som ikkje rekk innom desse tidspunkta. Berre ta kontakt med frivilligsentralen, så avtaler vi eit eige tidspunkt eller legg utstyr til henting på biblioteket.



I februar feira vi 2-årsdag med kake og utvida opningstid. Då kom fleir nye innom og fekk sjå kva vi har å by på. Har du aldri vore innom før, anbefaler vi deg å ta ein tur!

Helsing Marte Tangen og Marianne Riste

*Njukadn,
ein ny møteplass*

Njukadn er ein ny møteplass, som har kulturtilbod og gjerne tek i mot besøk av barnehage og skule. Njukadn ligg i Klukkargardsvegen 55. Dei ønsker å vere eit lavterskeltilbod, og det er Victoria Ose og Sindre Eikeland som er drivkrafta her. Her finst det ein lavvo, sauna og elles ein låve som blir brukt som konsert/kulturarena. Bileta er frå rockekvelden 6. november i 2022. Velkommen!

Oddbjørn Skeie



Årsmelding Øye sokneråd

Fra 1. januar 2022 har Øye sokneråd bestått av: Ingebjørg Vik Laugaland, medlem og medlem i fellesrådet, Nils Torstein Hermundstad, medlem og medlem i fellesrådet, Siv Vestrheim, medlem og kasserer, Jan Einar Hansen, medlem, Torild Øye, leder, sekretær og medlem i fellesrådet, og Geir Tveit, første vara.

Vi har hatt to møter i Øye sokn og behandlet seks saker. Vi har og hatt to fellesmøter i alle fire sokna, og der har vi behandlet ni saker.

Første messa våren 2022 var Samefolkets dag. Den vart feira med gudstjeneste i Øye kirke. Etter på var det mulig å fortsette feiringen på Tyinkryset med reinsdyrsuppe, kringle og kaffe. 15. april var det gudstjeneste i Børrelie ved Ingebjørg Vik Laugaland, kombinert med påskelunsj i strålende vær.

8. mai var det gudstjeneste med tårnagentene i Øye kirke. De fikk servert pizza, saft, kaffe og sjokoladecake.

23. mai var det konfirmasjonsgudstjeneste.

23. juni var det jonsokmesse i Øye stavkirke. I 2022 var messa kl. 18.00, så det skulle være mer aktuelt for barnefamilie. Høre mannskor var med. Barna fikk ringe inn og ut med bjeller de gikk med i svalgangene. Det var spennende. Øye stavkirke har vært åpen med guide ca. to måneder i sommer. Det var bra med folk, men vi ønsker bedre skilting på E16 fra begge sider inn mot Øye, om når kirka er åpen. Vi ønsker vår dyktige guide Gudrun Niemeyer velkommen tilbake sommeren 2023.

I sommer har St. Tomaskirka vært mer åpen også når det ikke har vært gudstjeneste eller konsert. De som har job-

ben sin i kirka, har vært der på omgang. Da det var Ingebjørg sin tur hadde hun drop-in-dåp – og dåp vart det!

Egges Mekaniske har laget ny grind inn til kirka, da vi måtte ha porten bredere på grunn av brøyting.

Julaften var det gudstjeneste i Øye kirke kl. 15.00. Det var full kirke, vi satte og inn ekstra stoler så alle skulle få plass. Det var moro at så mange kom. Så er vi glade for at det nye huset og veien opp til kirka er nesten ferdige. Vi gleder oss til åpningen.

Til høsten er det soknerådvalg og vi håper at folk takker ja til å stå på lista.

**Hilsen Øye sokneråd,
leder Torild Øye**

Hemsingfestivalen

Som frivillig på siste del av festivalen var eg medaktør i ei hektisk boble ... men moro og fine opplevingar og minner. F.eks. å køyre artistar opp til Nythun Høyfjellstue og høyrer avslutningen av eit musikkinnslag når vi kjem, men programmet her med servering/bespising mellom innslaga tek litt meir tid enn planen og det må bli roking i programmet både på Nythun og i Frikar-Smia for å få det i hop. Får så høyre flott og virtuost gitarspel av den unge og dyktige gitaristen Thibaut Garcia.

Så i bilen, Thibaut pratar med Frikar-Smia og fortel at vi er på veg. Han skal eigentleg spela der om 10 min fortel han – og vi har 25-30 min. å køyre. Han spør kvifor eg er frivillig, eg prøver fortelja om slektskap, musikkinteresser og at eg spelar litt, men er amatør på feltet. Aha, mine foreldre var begge utøvarar, men berre som amatørar, det har nok påverka min interesse, fortel Thibaut. Så tek han mobilen, lyttar til neste musikkinnslag han skal framføre, fram med ipod og konsentrerer seg om notane. Thibaut ser ikkje opp før vi er framme, takkar for turen og spring inn.

Søndag kl 11.00 var det folkemusikk-

messe i Aurdal kirke, eg får eit triveleg gjensyn med to kyrkjelege eg frå før veit eg set pris på: prost Carl Philip Weiser og sokneprest Kristine Inderhaug, som deler på oppgåvene. Kyrkjelyden får gjennom heile messa tonar frå sær dyktige representantar i musikkens verden. Jo Asgeir Lie – trekkspel, Ragnhild Hemsing – fiolin og bratsj, Einar Olav Larsen, Eldbjørg Hemsing og Gjermund Larsen – fiolin, både som gruppe og i samspel med Monica Korsli Solberg – orgel. Ei minneverdig oppleving.

Tekst: Ivar Hemsing

Foto: Terje Støve





Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Pelssau v/Wangensteen	99 71 43 18
Alle gode ting er tre	480 95 948	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Grindaheim Bygg &		Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport- service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	VangiValdres taxi	46 30 46 30
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Øko-Nils	97 11 01 20
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Montér Kvismo	61 36 81 85		

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Guro Hovda, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



Slekters gang

Vang sokn

Døpt:

05.02.23: Heine Almenning Bøe
19.03.23: St. Tomas-kyrkja:
Emrik Nils Hammerstad

Døde:

06.12.22: Alvhilld Hermundstad
15.12.22: Margrete Berge
28.12.22: Kari Belsheim
15.01.23: Olga Marie Myhre
23.01.23: Marit Lajord

Heensåsen sokn

Døpt:

20.11.22: Marit Pauline Ekre Heen

Døde:

24.12.22: Guri Inger Helsingeng
02.03.23: Ivar O. Hagen

Høre sokn

Døypte:

22.01.23: Hillevi Tveit Ulven
22.01.23: Henrik Olimb Jevne
19.02.23: Selma Skeie-Garvik
12.03.23: Mathias Tørstad Bergli

Døde:

31.01.23: Ola Lokreim
06.02.23: Ragnvald Christoffer
Kvien



Dugnad på kyrkjegardane:

Heensåsen: onsdag 10. mai kl 18.00
Høre: torsdag 11. mai kl.18.00
Vang: torsdag 11. mai kl. 18.00
Øye: onsdag 10. mai kl. 18.00



Gudstenesteliste

Søndag 2. april - Palmesøndag

Haukåsen kl. 13.00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 5. april

Vangsheimen kl 13.00

Institusjonsgudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Torsdag 6. april – Skjærtorsdag

St. Tomaskyrkja kl 12.00

Gudsteneste m/nattverd v/Terje Eklund og organist Budvytis

Torsdag 6. april – Skjærtorsdag

Høre stavkyrkje kl 19.00

Gudsteneste m/fotvask og nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Fredag 7. april – Langfredag

Børrelia kl 12.00

Gudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Laurdag 8. april – Påskennatt

Heensåsen kyrkje kl 23.00

Påskennattsmesse v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 9. april – Påskedag

Vang kyrkje kl 11.00

Høgtidsgudsteneste m/dåp og nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 9. april – Påskedag

St. Tomaskyrkja kl 13.00 (merk tida!)

Gudsteneste m/nattverd v/Anny Holien

Måndag 10. april – 2. påskedag

St. Tomaskyrkja kl 12.00-14:00

Open kyrkje

Søndag 16. april – 2. s. i påsketida

Heensåsen kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 26. april – Morgonsong

Vang kyrkje kl 10.30

Søndag 30. april – 4. s. i påsketida

Høre stavkyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/vikar og organist Budvytis

Måndag 1. mai

Vang kyrkje kl 10.30

Solidaritetsgudsteneste v/vikar og organist Budvytis

Søndag 14. mai – 6. søndag i påsketida

Øye kyrkje kl 19.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis. Tårnagentane deltek

Onsdag 17. mai

Vang kyrkje kl 10.30

Gudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Torsdag 18. mai – Helgetorsdag

Heensåsen kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis. Oppsummering av konfirmanttida

Søndag 21. mai – Søndag før pinse

Høre kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/dåp og nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 24. mai – Morgonsong

Vang kyrkje kl 10.30

Torsdag 25. mai

Vangsheimen kl 13.00

Andakt v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 28. mai – Pinsedag

Vang kyrkje kl 11.00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Måndag 29. mai – 2. pinsedag

St. Tomaskyrkja kl 12.00-14:00

Open kyrkje

Laurdag 3. juni

Øye kyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 4. juni – Treeiningssøndag

Vang kyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Onsdag 7. juni – Morgonsong

Vang kyrkje kl 10.30

Torsdag 8. juni

Vangsheimen kl 13.00

Andakt v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Laurdag 10. juni

Heensåsen kyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 11. juni – 2. s. i treeiningstida


Høre stavkyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Fredag 23. juni – Jonsokaftan

Øye stavkyrkje kl 18.00

Gudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis



Vang Energiverk